



Sandanger Advokatfirma DA  
Lars Hilles gate 19  
5008 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2583 - 14/6330

Saksbehandlar:

Tor Hegle

Tor.Hegle@lindas.kommune.no

Dato:

18.03.2014

## Svar på brev frå Adv.f. Sandanger av 16.jan 2014.

Eg viser til Dykkar førespurnad, datert 16.jan. 2014., og ber om orsak for sein tilbakemelding. Eg takkar for tilsendte opplysningar knytt til fullmakter i utsleppssaka for Gbnr 146/21.

I Dykkar førespurnad er det mellom anna bedt om svar på følgjande:

1. Ligg det føre mellombels bruksløyve/ferdigattest på naboeigedomen (Gbnr 146/21)?
2. Er vegen til naboeigedomen (Gbnr 146/21) godkjent som heilårsveg?
3. Kan storleiken på byggegebyret i byggesak for Gbnr 137/37, vurderast (på nytt)?

### 1. Om mellombels bruksløyve/ferdigattest på Gbnr 146/21.

Vedlagt følgjer Mellombels bruksløyve på Gbnr 146/21, datert 14.06.2007.

### 2. Om status på tilkomstvegen til Gbnr 146/21.

Vedlagt følgjer byggeløyve for tilkomstveg til Gbnr.146/21, datert 30.06.2003 og Løyve til bruksendring for Gbnr.146/21, datert 19.12.2003. I løyvet til bruksendring går fram at bruksendringa òg omfattar tilkomsten. Bruksretten til vegen er eit privatrettsleg spørsmål.

### 3. Om vurdering av gebyr for saksbehandling på Gbnr 146/37.

Førespurnad om reduksjon av saksgebyr i byggesaken vil bli behandla som eigen sak.

Med helsing  
Tor Hegle  
einingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

- Mellombels bruksløyve på Gbnr 146/21, datert 14.06.2007.
- Byggeløyve for tilkomstveg til Gbnr.146/21, datert 30.06.2003.
- Løyve til bruksendring for Gbnr.146/21, datert 19.12.2003





LINDÅS KOMMUNE  
Teknisk etat  
Byggesaksavdelinga  
5914 Isdalstø

Arkiv: 146/021  
Saksmappe: 03/02245-3  
Sakshandsamar: Knut Bjørnevoll

Jostein Antoniazzi  
Burkhovdane 14  
5914 ISDALSTØ

| Saksnr | Sakstype                                | Vedtaksdato |
|--------|---|-------------|
| 387/03 | Delegert sak handsama av bygningssjefen | 19.12.03    |

## Løyve til tiltak - bruksendring og flytting av garasje Jostein Antoniazzi - Gnr.146 Bnr.021/024/034 Fosse ytre

### Dokument :

Søknad om løyve til tiltak, motteken 03.11.2003  
Kvittering for sende nabovarsel  
Situasjonsplan 1:1000  
Søknad om utsleppsloøyve

### Saksutgreiing :

Søknaden gjeld bruksendring frå hytte til heilårsbustad, med avkøyrslø frå kommuneveg, privat vassforsyning og privat avløpsanlegg som skal oppgraderast til minireinseanlegg. Det er dessutan søkt om flytting av godkjend garasje.

### Vedtak:

Søknaden om bruksendring frå hytte til heilårsbustad og flytting av garasje, vert godkjent etter plan- og bygningslova § 93 på følgjande vilkår :

1. Utvida bruk av avkøyrslø frå kommuneveg vert godkjent (veglova).
2. Tilfredsstillande kvalitet på drikkevatt skal dokumenterast (PBL § 65).
3. Med heimel i *forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg* vert det gjeve løyve til utslepp via typegodkjent biologisk/kjemisk minireinseanlegg (klasse 1), før utslepp via tett leidning til vassdrag eller godkjent etterpuleringsanlegg.  
Det skal sendast inn søknad om ansvarsrett for prosjektering og utføring av avløpsanlegg og leverings- og serviceavtale for minireinseanlegg.
4. Frist for gjennomføring av pkt. 3 er 31.12.2004. Eigaren er ansvarleg for utsleppet etter forureiningslova, og fristen kan verta korta inn ved akutt forureining.  
Eigar kan seinare få pålegg om tilkopling til felles avløpsanlegg dersom det kjem i området.

*Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd)*

for bygningssjefen

Knut Bjørnevoll  
sakshandsamar



LINDÅS KOMMUNE

Teknisk etat  
Byggesaksavdelinga  
5914 Isdalstø

Arkiv: 146/024  
Saksmappe: 03/00533-11  
Sakshandsamar: Knut Bjørnevoll

Jostein Andre Antoniazzi

Burkhovdane 14  
5914 ISDALSTØ

| Saksnr | Sakstype                                | Vedtaksdato |
|--------|---|-------------|
| 163/03 | Delegert sak handsama av bygningssjefen | 30.06.03    |

## Løyve til tiltak - bygging av veg Jostein Antoniazzi - gnr.146 bnr.21, 24, 34 - Ytre Fosse

### Dokument :

Søknad om løyve til tiltak, motteken 04.04.03  
Kvittering for sende nabovarsel  
Situasjonsplan  
Søknad om ansvarsrett  
Brev frå Kjell Gjetle på vegner av Torill Vabø, motteke 06.05.03  
Brev frå Jostein Antoniazzi, motteke 20.05.03  
Brev frå Kjell Gjetle, motteke 30.05.03  
Ny situasjonsplan med nabovarsling, motteke 10.06.03  
Brev frå Kjell Gjetle, motteke 23.06.03

### Saksutgreiing :

Søknaden gjeld bygging av tilkomstveg til hytteeigedom og veg inne på eiga tomt.  
Bygging av garasje vert handsama som eiga sak  
Vegen fram til tomta vart bygd utan at det var søkt. Søknad vart levert etter at kommunen vart kontakta av grunneigar, og gjorde tiltakshavar merksam på søknadsplikta.

Kjell Gjetle protesterte på vegbygginga i brev motteke 06.05.03, på vegner av Torill Vabø, eigar av gnr.146 bnr.37 og medeigar i bnr.4, som tilkomstvegen ligg på. Grunngevinga for protesten er brot på plan- og bygningslova, at vegen er bygd på bnr.4 i ein annan trasé enn det er gjeve vegrett til og at vegen er til ulempe for bnr.37.

I brev motteke 20.05.03 beklagar Jostein Antoniazzi at vegen vart bygd utan søknad og løyve og at han vart bygd i feil trasé, noko som skuldast feiltolking av skyldskiftepapira. Antoniazzi skriv at han vil fjerna vegen og byggja han i samsvar med tinglyst vegrett.

I brev motteke 30.05.03 stiller Kjell Gjetle, visse krav til vidare handsaming av søknaden og vilkår som må stillast (som også kjem att i neste brev frå Gjetle).

10.06.03 leverte Antoniazzi ny situasjonsplan for vegen og sende nye nabovarsel.

I brev motteke 23.06.03 kjem Kjell Gjetle med følgjande merknader, som gjeld vegen:

1. Den ulovlege vegen må fjernast, med kort tidsfrist.

2. Skader på eigedommen, som f.eks drenering må utbetrast innafor tidsfristen.
4. Innkøyring til garasjen må vera frå aust.
5. Oppfylling av terrenget inntil grensa mot Vabø sin eigedom må senkast og tilfredsstillande drenering sikrast.
6. Nedkappa tre inntil eigedommen må fjernast heilt.

**Kommentar:** Tiltakshavar har skrive at han skal fjerna den ulovlege vegen på bnr.4 og ordna til terrenget. Det vert sett tidsfrist for dette arbeidet. Ny veg vert bygd etter tinglyst vegrett ved utbetring av den eksisterande vegen fram til hytteeigedommane. Bygningssjefen kan ikkje sjå at veg og biloppstillingsplass som Antoniazzi har bygd inne på eiga tomt er til vesentleg ulempe for Vabø sin bustadeigedom, og finn heller ikkje grunnlag for å stilla krav om at innkøyringa til garasjen skal vera frå aust. Dei endringane av terrenget som er gjort kan ikkje karakteriserast som vesentlege terrenginngrep. Rydding av vegetasjon og eventuelle skader/ulemper under utføringa av eit tiltak, er privatretslege forhold, som ikkje kommunen kan eller skal stilla krav om. Bygningssjefen kan berre oppmoda tiltakshavar til å ordna opp i forholda snarast mogeleg.

#### **Vurdering:**

Sidan vegen fram til eigedommen vert bygd ved utbetring av eksisterande veg, kjem han ikkje i konflikt med byggingforbodet i LNF-område i kommuneplanen. Bebygd tomt i LNF-område er godkjent i kommuneplanen for den aktuelle bruken, i dette høvet: Fritidsbustad. Det er heller ikkje i strid med kommuneplanen å endra arealbruken til heilårsbustad, dersom det vert aktuelt. Planering av terreng og bygging av intern veg inne på eiga tomt er normalt ikkje søknadspliktige, når det er snakk om så små endringar av terrenget som i denne saka.

#### **Vedtak:**


Med heimel i plan- og bygningslova §§ 93 og 70 nr.2 og grunngjeving i kommentaren ovanfor, gjev bygningssjefen løyve til bygging av veg på følgjande vilkår :

1. Den ulovleg bygde vegen skal fjernast og terrenget skal ordnast og tilsåast innan 01.09.03.
2. Drenering og bortleiing av overvatn må ordnast slik at det ikkje er til meir skade/ulempe for naboeigedommane enn tidlegare.

*Sjølvbyggjar JOSTEIN ANTONIAZZI* vert personleg godkjent som ansvarshavande, og er ansvarleg for at tiltaket vert utført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter (Pbl § 77 nr.1).

*Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd)*

for bygningssjefen



Knut Bjørnevoll  
sakshandsamar

Kopi til:  
Kjell Gjetle, postboks 219, 3551 GOL



**LINDÅS KOMMUNE**  
Areal- og miljøavdelinga

Skarpenes Bygg AS  
Brakstad  
5918 Frekhaug

|             |                                    |   |                     |                    |
|-------------|------------------------------------|---|---------------------|--------------------|
| Dykkar ref. | Vår ref.<br>2006/1084 - 11402/2007 | Saksbehandlar – tlf.<br>Knut Bjørnevoll - 56 37 56 24 | Arkivkode<br>146/21 | Dato<br>14.06.2007 |
|-------------|------------------------------------|---|---------------------|--------------------|

**MELLOMBELS BRUKSLØYVE**  
etter plan og bygningslova § 99 nr.2 og 3

Det vert vist til søknad om mellombels bruksløyve, motteke 15.05.2007.

I samsvar med plan- og bygningslova § 99 vert det her gjeve mellombels bruksløyve for tiltaket.

**Spesifikasjon.**

Byggestad: Gnr 146/21,24,,34 - Ytre Fosse.  
Type tiltak: Tilbygg til Einebustad. Heile tiltaket  
Vedtak: Delegert sak handsama av avdelingssjefen, datert 23.02.2006

**Merknader**

1. Mellombels bruksløyve er gjeve på grunnlag av mottekne kontrollerklæringar. Manglar som er oppført der, må verte retta før det vert gjeve ferdigattest.

Knut Bjørnevoll  
avdelingsingeniør

Kopi til:

- Tiltakshavar: Jostein Antoniazzi, Ytre Fosse, 5911 Alversund
- Nordhordland Likningskontor og Folkeregister, Postboks 193, 5903 Isdalstø (e-post: [nordhordland.lk@skatteetaten.no](mailto:nordhordland.lk@skatteetaten.no))
- NGIR, Kjevikdalen, 5956 Vågseidet. (epost: [ngir@ngir.no](mailto:ngir@ngir.no))
- GAB-ansv, her.
- Avd Geodata, her.
- VVA, teknisk drift, her (epost: [KEI@lindas.kommune.no](mailto:KEI@lindas.kommune.no))